



## Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde


### Årsrapport 2019

Målsetting med nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå i helsetenesta.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet.

Organiseringa av nettverket:



Nettverket er inndelt i seks lokalgrupper

Nettverk Hardanger	Nettverk Indre Haugalandet	Nettverk Sunnhordaland	Nettverk Ytre Haugalandet Midt	Nettverk Ytre Haugalandet Nord	Nettverk Ytre Haugalandet Sør
Odda sjukehus Eidfjord Odda sjukehus Jondal Odda Ullensvang	Haugesund sjukehus Etne Sauda Suldal Vindafjord	Stord sjukehus Bømlo Fitjar Kvinnherad Stord Tysnes	Haugesund sjukehus Bokn Sveio Tysvær Utsira	Haugesund sjukehus Avaldsnes Torvastad Norheim Udland Haraldsvang	Haugesund sjukehus Kopervik Vea Åkrehamn Skudenes Vardafjell Bjorgene

Nettverket har styringsgruppe med ein representant frå kvar av partane Helse Fonna, kommunane, HVL, KLB, FOUSAM og Kreftforeningen. Driftsgruppa har ansvar for den daglege drifta av nettverket, og leiaren er representert i styringsgruppa.

I Helse Fonna-nettverket er det til saman 139 ressurspersonar fordelt på 109 sjukepleiarar og 30 ergo-og fysioterapeutar pr desember 2019. Ressurspersonane representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Fysio- og ergoterapeutar er ein del av nettverket, med eiga driftsgruppe.

## **Sjukepleiarnettverket**

### **Klinisk arbeid for ressursjukepleiarane**

#### **Årleg rapportering**

Per 31. januar 2020 viser rapporteringa at ca 60% av ressursjukepleiarane og 40% av leiarane har svart på årleg rapportering for 2019. Nær 70% av dei som har svart, har vore ressursperson i nettverket i 3 år eller meir.

20% har avsett tid til funksjonen og ca 40% rapporterer at dei har hatt planmøte med sin leiar.

35% har hatt samarbeidsmøte med fastlegen om aktuelle pasientar, over 80% brukar ESAS-r på sin arbeidsplass og 30% har medverka til utarbeiding av Individuell Plan.

Retningslinjer for symptomlindrande behandling vert brukt av 87% av dei som har svart.

Nær 80% har deltatt på kurs/konferansar innan kreftomsorg eller palliasjon, og 3% har hospitert dei to siste åra.

41% har hatt internundervisning innan tema kreftomsorg og lindrande behandling på sin arbeidsstad.

På spørsmål om kva som har fungert godt i funksjonen som ressursperson, vert m.a. nemnt å bli brukt som ressursperson på arbeidsplassen og vera ein ressurs for kollegaer. Fleire nemner at dei gjennom nettverket får auka kunnskap og har hatt undervisning på sin arbeidsplass.

På spørsmål om kva som har vore det mest utfordrande i rolla som ressursperson, svarar ca 80% at tidspress og mangel på avsett tid har vore mest utfordrande.

Nær 80% av leiarane som har svara på rapporteringa, seier dei er kjende med nettverksavtalen.

Ca 70% av leiarane seier nettverket bidrar til å betra kvaliteten på kreftomsorg og lindrande behandling i stor eller svært stor grad.

Resultatet av årleg rapportering for 2019 vert presentert på årleg fagdag.

#### **Arbeid i nettverksgruppene**

Det har vore arrangert i alt 12 nettverksmøte i 2019, eit vårmøte og eit haustmøte i kvar nettverksgruppe. Nettverksmøta er på 6 timar. Ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapi-nettverket får invitasjon til de lokale nettverksmøta, men har ikkje obligatorisk oppmøte. På nettverksmøta har tverrfagleg samarbeid og det å få innarbeidd møte mellom ressursperson og leiar fortsatt vore vektlagd.

Ressurspersonane er blitt minna om ansvaret for å vidareformidla frå den faglege undervisninga på sin arbeidsstad.

På kvart nettverksmøte har den lokale ressurspersonen ansvar for å ynskja velkommen og skriva referat. På førehand har dei tatt imot påmelding, skaffa lokale, sørgja for lunsj og

forberedt presentasjon av eit case. Det går på omgang mellom kommunane og sjukehusa å arrangera nettverksmøta.

Tida fram til lunsj har vore satt av til refleksjon ressurspersonane imellom, der alle deler utfordringar og positive ting frå funksjonen som ressursperson. Etter lunsj har det vore satt av tid til fagleg undervisning. Her har det også vore mogeleg for andre enn ressurspersonar å delta. På slutten av dagen har ein fast på programmet presentasjon av case som utgangspunkt for felles refleksjon. I 2019 har ein nokre gonger starta dagen med fagleg undervisning og flytta felles refleksjon til etter lunsj.

Lokal fastlege eller sjukeheimslege har blitt invitert til å fortelja frå sitt arbeid og dela erfaringar innan kreftbehandling og palliasjon. Dette har vore ein positiv erfaring i fleire kommunar og på sjukehus.

### **Tema for nettverksmøta i 2019**

Alle nettverka har fått same undervisning, fordelt på vår og haust:

Tema 1: «Musikkterapi. Bruk av musikk i lindrende behandling»

Undervisning ved musikkterapeut Olaus Lie Sandve

Tema 2: «Hvilke konsekvenser opplever familien ved alvorlig sykdom?»

Undervisning ved Målfrid Eide, kreftsjukepleiar og familieterapeut v/ Kreftomsorg Rogaland (KOR)

### **Oppmøte 2019**

Nettverk Indre Haugalandet: vår: 14 av 25 ressursjukepleiarar  
haust: ? av 25 ressursjukepleiarar

Nettverk Hardanger: vår: 9 av 12 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut  
haust: 7 av 12 ressursjukepleiarar

Nettverk Sunnhordland: vår: 15 av 22 ressursjukepleiarar  
haust: 14 av 22 ressursjukepleiarar, 1 student, 1 prest,  
1 ergoterapistudent,  
1 turnusfysioterapeut

Nettverk Ytre Haugaland Nord: vår: 9 av 19 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut  
haust: 8 av 19 ressursjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Midt: vår: 8 av 12 ressursjukepleiarar, 1 fysioterapeut  
haust: 8 av 12 ressursjukepleiarar, 1 lege

Nettverk Ytre Haugaland Sør: vår: 13 av 23 ressursjukepleiarar  
haust: 12 av 23 ressursjukepleiarar, 1 leiar

Nettverksmøta er sentrale for kompetansehevinga for ressurspersonane og for samhandlinga og kontinuiteten i nettverket. Det er forventat at ressurspersonane møter på nettverksmøta, så sant dei ikkje er sjuke eller har anna gyldig fråvær. Dersom ressurspersonar ikkje møter på to påfølgande møter, vert det tatt kontakt frå driftsgruppa.

### **Driftsgruppa**

Driftsgruppa har hatt 4 møte i 2019:

- 12. februar på Odda sjukehus
- 21. mai på Stord sjukehus
- 3. september på HVL
- 12. november på Haugesund sjukehus

Det har vore engasjerte medlemmer i driftsgruppa og mange saker har vore diskuterte.

Representantar i driftsgruppa hausten 2019:

- Grete Skeie Sørhus, leiar, Vindafjord kommune og KLB
- Laila Johannesen, Palliativt team, Helse Fonna og KLB
- Cathrine Aasheim, Fitjar kommune
- Berit Røksund, Stord sjukehus
- Johanne Margrethe Brekke, Karmøy kommune
- May Kristin Valen, HVL
- Målfrid Eide, KOR
- Astrid Håland, FOUSAM og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Helse Fonna kommunene
- Charlotte Ramsøy har overtatt etter Evelyn Borgny Ramberg, Odda sjukehus
- Hege Lyssand, Odda kommune
- Aleksandra Latinovic, Kreftforeningen
- Mona Didriksen, Haugesund sjukehus

### **Styringsgruppa**

Styringsgruppa for nettverket har i 2019 bestått av Sølvi Eide Lunde, HVL (leiar), Dagny Faksvåg Haugen, KLB, Sølvi Torvestad, Helse Fonna, Camilla Gram, Kreftforeningen, Grete Skeie Sørhus, KLB, leiar av driftsgruppa for sjukepleienettverket og Astrid Eritsland, leiar av driftsgruppa for fysio- og ergoterapinettverket og Karoline Berge har overtatt i løpet av 2019. PKO- representant manglar fortsatt.

Styringsgruppa har hatt to møte i 2019.

### **Introduksjonskurs**

Introduksjonskurs vart arrangert i 15. januar 2019.

Målsetting for introduksjonskurset er å gi kunnskap om organisering av nettverket og palliativ verksemd i regionen, samt å drøfta forventningar til og bevissthet rundt rolla som ressursperson.

20 personar deltok; 14 ressurspersonar og 5 leiarar. På evalueringa svarar 50% svært bra og 50% bra om utbytte av dagen. Å få auka kunnskap og forståing for ressursperson sin rolle og funksjon, å treffa andre i same situasjon og introduksjon til verktøy å bruka i praksis, kjem fram i evalueringa som viktig for deltakarane.

## **Årleg fagdag**

Årleg fagdag vart arrangert 19. mars 2019 i Tabernaklet, med 108 deltakarar.

Tema: Palliasjon til personar med demens.

Ei arbeidsgruppe frå driftsgruppa for sjukepleienettverket hadde saman med leiar frå fysioterapi- og ergoterapinettverket arbeida med å lage gode målsettingar for og planlegge fagdagen.

Program:

Palliasjon til pasientar med demens v/ Aart Huurnink, overlege palliasjon, Stavanger kommune

Å vera pårørende til person med demens. Samtale mellom pårørende Eva Narheim og Astrid Håland frå Haugaland Demensforening.

Tilnærming og kommunikasjon til personar med demens v/ Eli Myklebust, sjukepleiar og Marte Meo-terapeut.

Alle deltakarane vart delt inn i refleksjonsgrupper der dei drøfta case utarbeidd av Aart Huurnink. Det var eiga gruppe for leiarane.

Dagny Faksvåg Haugen, frå KLB, presenterte resultatane frå årleg rapportering i nettverket. Frå evalueringa av årleg fagdag svarar 99 % av deltakarane «svært godt» eller «godt» på spørsmål korleis dagen har fungert og 100% har hatt «svært godt» eller «godt» utbytte av dagen.

På spørsmål kva som er viktigast på årleg fagdag svarar deltakarane slik:

fagleg påfyll 97%, å bli oppdatert på kva som skjer i fagfeltet 80% og å knytte kontaktar og møte kollegaer 50%.

## **Fagdag i grunnleggjande palliasjon**

Fagdag i grunnleggjande palliasjon vart arrangert 2. desember 2019 i auditoriet ved Haugesund sjukehus.

Målsetting: Etter gjennomført fagdag skal deltakarane ha fått ei innføring i grunnleggjande palliasjon: lindrande behandling, pleie og omsorg til alvorleg sjuke og døydne pasientar. Rundt 100 ressurspersonar og andre helsearbeidarar som jobbar med palliasjon i Helse Fonna området deltok.

Evalueringa viser at 90% hadde svært godt eller godt utbytte av dagen/programmet. På spørsmål om kva som var av størst betydning svarar over 90% fagleg påfyll og auka kunnskap om palliasjon.

**World Hospice and Palliative Care Day** vart markert 30. oktober i auditoriet på Haugesund sjukehus. Ca 200 personar møtte.

## **Velkomstbrev og nyheitsbrev**

Alle nye ressurspersonar har fått tilsendt velkomstbrev med nyttig informasjon.

Nyheitsbrev frå nettverket vert sendt ut til alle ressurspersonar og leiarar to gonger i året.

## **Nettsider**

Nettsida er i løpet av 2019 blitt fornya og er blitt meir brukarvennleg. På nettsida ligg oppdatert informasjon om dato for alle nettverksmøte, nyheitsbrev og andre arrangement i nettverket.

Pallnet er nytt register over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest og namnelista, med oversikt over alle ressurspersonar i nettverket, er å finna der. I Pallnet kan ein enkelt søkja opp ressurspersonar i nettverket.

## **Utviklingsarbeid**

Det vart på nytt søkt om kompetansemidlar hos Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Vestland våren 2019 og nettverket i Helse Fonna fekk til saman tildelt kr 200 000,-.

Kompetansemidlane har i 2019 blitt brukt til å dekkja utgifter til kurs/fagdagar i nettverket, som kjem alle ressurspersonar til gode, samt ressurspersonar i nettverket kan søkja om å få dekkja utgifter til kurs/konferansar/fagdagar ut frå fastsette kriterier. Resterande midlar vert søkt overført til 2020.

## **Fysioterapi- og ergoterapinettverket**

Driftsgruppa for fysioterapi og ergoterapinettverket har i 2019 hatt 3 samlingar der ein har planlagt fagdagen, revidert nettsider, arbeid med korleis ein kan få fleire ressurspersonar, og korleis ein kan rekruttera fleire ressurspersonar frå kommunane inn i driftsgruppa. I år har det vore svært viktig for nettverket å ha fokus på ergoterapi.

I 2019 har ein også hatt fokus på desse emna:

- Erfaringsutveksling, vidareformidling og hospitering
- Tverrfaglig samarbeid og kommunikasjon
- Fokus på korleis vi som terapeutar kan hjelpe den palliative pasienten ved svelgproblem, tung pust og manglande kroppsmedvit
- Fokus på palliasjon til personar med demens: Auka kunnskap om demens, korleis kartlegge symptom og plager, auke forståing for korleis møta personar med demens, og kunne ta i bruk relevante verktøy og gje god palliasjon til personar med demens. Tema på årleg felles fagdag 2019.
- Å få enda betre innarbeidd møte mellom ressursperson og nærmaste leiar (mal for møte mellom ressursperson og leiar er utarbeidd)

## **Fagdag 12. november 2019**

Overskrifta på fagdagen var «Kropp i krise» der tema var «Kroppen min og meg- når alvorlig sykdom rammer» v/Lise Amundsen, Spesialist i onkologisk fysioterapi MNFF fysioterapiavdelinga/palliativt team Haukeland Universitetssjukehus, og «Svelgproblematikk; vurdering, anbefalingar og utfordringer» v/Agneta LL Gard, spesialergoterapeut i Haugesund Sjukehus. Lise Amundsen vart dessverre forhindra frå å møta.

Astrid Eritsland, fysioterapeut med spesialkompetanse i psykomotorisk fysioterapi, overtok med tema «Kroppen- når alvorlig sykdom rammer».

34 var påmeldt fagdagen, og dei ga gode tilbakemeldingar: 100 % av dei som svarte på evalueringa, meinte fagdagen var nyttig eller svært nyttig, og alle hadde hatt godt eller svært godt utbytte av dagen.

Det var eit rekordstort oppmøte av ergoterapeutar denne fagdagen. Det kom gode innspel til korleis driftsgruppa framover kan arrangera fagdagen. Deltakerane har kome med fleire forslag til tema for ny fagdag i 2020. Forslaga er mellom anna; spesifikke fysioterapeutiske tiltak til palliative pasientar, alternativ kommunikasjon, sekretproblematikk, samarbeid mellom terapitenester på ulike nivå og etiske problemstillingar vi kan møte i pasientbehandling. Deltakarane har også fremma ynskje om meir fokus på praktiske gjennomgangar.

### **Driftsgruppa:**

Driftsgruppa består av:

Karoline Berge er driftsgruppeleiar for fysioterapi- og ergoterapinettverket.

Marianne H. Espeland, fysioterapeut, Stord sjukehus

Eldbjørg Nesse, fysioterapeut, Bømlo kommune

Anne Therese Haavardsholm, Haugesund Kommune

Agneta Gaard, ergoterapeut, Haugesund sjukehus

### **Nytt frå driftsgruppa:**

Takk til Cecilie Steinstø, fysioterapeut frå Haugesund kommune, for den gode jobben som ho har gjort, ho går nå ut av driftsgruppa. Velkommen til Anne Therese Håvarstein, fysioterapeut i Haugesund kommune, som overtar etter Cecilie.

Elles har Agneta Gaard, ergoterapeut på Haugesund Sjukehus, Marianne H. Espeland, fysioterapeut på Stord Sjukehus og Eldbjørg Nesse, fysioterapeut i Bømlo kommune bidratt inn i driftsgruppa. Takk til alle for den gode innsatsen som er blitt gjort i 2019!

### **Konklusjon**

Nettverka har hatt eit aktivt år med mange engasjerte ressurspersonar frå alle kommunar og sjukehus. Mange av ressurspersonane har vore lenge i nettverket og har mykje kompetanse, samtidig som nettverka har fått fleire nye, engasjerte ressurspersonar i 2019.

Januar 2019

Grete Skeie Sørhus, leiar for driftsgruppa, sjukepleienettverket

Karoline Berge, leiar for driftsgruppa, fysioterapi- og ergoterapinettverket